
Fra: Ordfører Lindås
Sendt: 21. mai 2014 15:25
Til: Tove Mette Fyllingen
Emne: VS: Knarvik barneskule og møte i FAU

Fra: Ordfører Lindås
Sendt: 21. mai 2014 15:25
Til: Unni Nesbø
Kopi: Hogne Haugsdal
Emne: Knarvik barneskule og møte i FAU

Hei.

Eg takkar for mail og brev til kommunen vedk. møte i FAU- Knarvik barneskule 26.5.14

Som eg skreiv til deg, så er er det umogleg for meg å møte denne dagen, dette gjeld også for 27.5, då vi har politiske møter som er bestemt for lenge sidan. Rådmann og eigedomssjef er også forhindra diverre.

Saka om Knarvik barneskule er ikkje gløymd. I budsjettet er det satt av planmidler, og tanken var at vi skulle starte på eit arbeid med planlegging også pga Knarvik – Isdal tunellen. Den er som du kjenner til noko usikker endå, då vegpakka ikkje har fått sitt politiske vedtak. Det betyr ikkje at kommunestyret har gløymt Knarvik barneskule. Vi er også kjent med at skulen ikkje er godkjent etter miljøretta helsevern, og at det er totalmiljøet og ikkje alltid kun inneklima som vert vurdert.

Eg har satt denne saka på dagsorden i vårt første møte politisk etter ferien, altså i august. Eg har til møtet bestilt hjå rådmannen ei orientering om tilstanden, kva som må gjerast raskt og på kort sikt og kva som skal til for at skulen blir godkjent. Desse kostnadene på vedlikehald / rehabilitering må sjåast opp mot kostnader for ein ny skule. Difor vil formannskapet drøfte saka , og det skjer i august 2014.

Eg møter gjerne FAU ved eit anna høve, og er lei meg for at det ikkje passa for meg no.

Mvh
Astrid Aarhus Byrknes